




Ordføraren

Fiskeri- og kystdepartementet
Postboks 8118 Dep

0032 OSLO



Jondal kommune

5627 JONDAL

Tlf.

Faks

e-post post@jondal.kommune.no

www.jondal.kommune.no

Org.nr 944 439 927

Bank 3450.07.08206

Sakshandsamar:

E-post jon.larsgard@jondal.kommune.no

Tlf. 53 66 95 02

Dykkar ref.

~~200601881~~ - /CGR
201000301

Vår ref.

11/295-7 /JOL/11/1287

Arkiv:

N-634

Dato

23.03.2011

HØYRINGSUTTALE – HARDANGERFJORDFORSKRIFTA.

Viser til Dykkar brev av 16. februar 2011 der ein vert invitert til å koma med merknader til Utkast til forskrift om særskilte krav til akvakulturrelatert verksemd i Hardangerfjorden.

Jondal kommune har vurdert saka og ønskjer å koma med følgjande synspunkt:

Formålet.

Ein sluttar seg til formålet med forskrifta som er å bidra til å sikra ei berekraftig utvikling av akvakulturnæringa i Hardangerfjorden. Dette omfattar forhold knytt til fiskehelse, omsynet til ville bestandar av laksefisk, og dermed heile det framtidige utviklingsgrunnlaget for næringa.

Ein merkar seg at taket på 50 000 tonn MTB i produksjonskapasitet i fjordsystemet, ikkje er ein del av denne høyringa. Bakgrunnen for dette taket er ønsket om å "frysa" produksjonskapasiteten på 2008-nivå. At Langenuen seinare, ut frå faglege vurderingar, er blitt inkludert i virkeområdet for forskrifta utan at taket vert heva, betyr i realiteten ein reduksjon i produksjonskapasitet.

Fordeling av biomassetaket.

Høyringsbrevet opnar for at næringa sjølv kan koma med forslag til korleis biomassetaket skal fordelast mellom oppdrettarane. Det vonar ein næringa vil koma med. Dersom departementet likevel endar opp med utforma regelverket for dette, meiner vi at ein bør sjå på fleire faktorar enn berre selskapsstorleik.

- Andel av totalproduksjonen innanfor virkeområdet for forskrifta. Ein del større oppdrettsselskap har og mesteparten av si verksemd knytt til verkeområdet for

forskrifta. Det bør takast omsyn til at desse vanskelegare kan kompensera for redusert produksjon med å flytta ut av Hardangerfjordbassenget.

- Ulike fordeling mellom produksjon og foredling mellom oppdrettarane. Dei med høg foredling vert ekstra hardt råka av reduksjonar fordi råstofftilgangen og kan verta begrensande. Sysselsetting målt pr konsesjon vil vera høgast for selskap med høg foredling, og dei vil bety mest for dei lokalsamfunna der dei er lokaliserte. Vi meiner slike selskap bør prioriterast.
- Ansiennitet bør tilgodesjåast.
- Ulik selskapsstruktur er avgjerande for korleis selskapa vert råka av reduksjonane, og selskapsform bør gjerast nøytral i høve til regelverket.

Uklårt kva forskrifta foreslår.


Det er skilnad på produksjonskapasitet etter gjevne konsesjonar og faktisk eller ståande produksjonskapasitet, på den måten at det i praksis ikkje vil vera mogeleg å fylla konsesjonskapasiteten til ei kvar tid. Dette skuldast t.d produksjonsyklusar der slaktemogen fisk vert erstatta av settefisk, brakklegging eller flytting av produksjonskapasitet til lokalitetar utanfor Hardangerfjordbassenget for dei som og har lokalitetar der. Konsesjongsgeven produksjonskapasitet vil difor alltid vera høgare enn den faktiske.

Dersom forskrifta skal forståast slik at det er den faktiske eller ståande biomassen som skal frysast/reduserast til 50 000 tonn, vil den foreslåtte avgrensinga innebera ein langt større reduksjon enn dette. For fleire selskap i vårt område vil ein slik reduksjon i konsesjon MTB utgjera ca. 60%, om ein reknar at tre konsesjonar vert skjerma og dei øvrige kan utnyttast med 25%. Med same utnyttinga av produksjonskapasiteten i konsesjonane som i dag, vil dette bety ein reduksjon i ståande biomasse med 40%. Konsekvensane av dette vil og vera store for lokalsamfunna, og ein støttar næringa sitt forslag om ei konsekvensutgreiing før endeleg vedtak vert vurdert.

Samarbeid om tiltak.

Det har i seinare tid kome fleire forskrifter som regulerer oppdrettsnæringa med sikte på bekjempe sjukdom og lakselus, og ivareta villfiskinteressene i området. I tillegg er det etablert eit pilotprosjekt for strakstiltak for å berga villfiskstammene i Hardangerfjorden i samarbeid mellom oppdrettsnæringa, villfiskinteressene, faginstansar, departement og kommunar. Samarbeidet for å betra miljøtilhøva i Hardangerfjorden har betra seg. Det er viktig å byggja vidare på dette, og å sjå heilskapen i alle tiltak som vert sett i verk.

Med helsing



Jon Larsgard
ordfører